



DET KONGELEGE BARNE-
OG FAMILIEDEPARTEMENT

Statsråden

Stortinget
Familie- og kulturkomiteen
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/1413-

5. mai 2022

Vedrørende representantforslag om trygge fritidsaktiviteter

Eg viser til brev frå Familie- og kulturkomiteen om Dokument 8: 193 S (2021-2022) om trygge fritidsaktiviteter, oversendt Kultur- og likestillingsdepartementet 21. april. Som varsla til komiteen er saka oversendt til mitt departement. For å svare på forslaget har Barne- og familiedepartementet innhenta innspel frå Justis- og beredskapsdepartementet, Kunnskapsdepartementet, og Kultur- og likestillingsdepartementet. Forslaget lyder:

Stortinget ber regjeringen utvikle konkrete tiltak for å beskytte barn og unge mot alle former for seksuelle overgrep og uønsket seksuell oppmerksomhet i fritidsaktiviteter for barn. Tiltakene bør utvikles i tett samarbeid med alle relevante aktører som driver fritidsaktiviteter for og med barn og unge, samt frivillige organisasjoner og privat sektor som tilbyr tjenester innenfor idretten og andre aktiviteter.

Det er viktig å førebygge seksuelle overgrep og trakassering av barn og unge i fritidsaktiviteter, fordi det er veldig alvorleg for dei det gjeld. Under kommenterer eg konkrete tiltak som regjeringa arbeider med for å beskytte barn og unge mot seksuelle overgrep og uønskt seksuell merksemd i fritidsaktiviteter.

Sivilsamfunnet og politiattestar

Sivilsamfunnet er satt saman av sjølvstyrte organisasjonar som hentar legitimitet frå medlemmane sine. Det er organisasjonane sjølv som må eige og forvalte avgjerdene og prosessane deira. Staten skal leggje til rette for og styrkje frivilligheita, men ikkje styre ho.

Statens innsats for å førebygge og handtere overgrep må vere forankra i dei verkemidla som staten rår over, som å sørgje for rammeverket organisasjonen operer i. Gjennom FNs barnekonvensjon er vi i Norge forplikta til å verne barn og unge mot overgrep. Frå 2003 gjeld barnekonvensjonen som norsk lov, og har ein spesiell status ved at den går føre andre norske lover viss dei står mot kvarandre. På den måten har staten sytt for at alle myndigheiter, enkeltpersonar og organisasjonar skal følge barnekonvensjonen. Staten kan

samstundes ikkje styre kva verkemiddel eller tiltak organisasjonane nyttar. For at organisasjonane sine grep skal vere effektive skal og må dei vere forankra i medlemsdemokratiet.

Det er Kultur- og likestillingsdepartementets erfaring at frivillige organisasjonar på barne- og ungdomsfeltet er opptekne av desse problemstillingane. Formålet, førebygging av overgrep og andre former for trakassering, gjeld heile feltet, men metodane og tiltaka organisasjonane nyttar vil måtte vere ulike og tilpassa kvar ein skilde organisasjon og behova deira. Nokre grep er gjennomgåande, for eksempel når det gjelder innhenting av politiattest.

I tråd med politiregisterforskrifta § 34-1 kan mellom anna frivillige organisasjonar, fritidsklubbar og barne- og ungdomsleirar krevje politiattest (barneomsorgsattest) frå tilsette og frivillige. Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite (NIF) vedtok i 2008 for eksempel at heile den norsk idretten skal krevje framsyning av politiattest utan merknadar frå alle personar over 15 år som gjer oppgåver som inneber ansvars- eller tillitsforhold til mindreårige eller personar med utviklingshemming. Det gjer idretten for å bidra til at slike oppgåver berre blir gjort av skikka personar, gjennom at dei som kan utgjere ein risiko for overgrep eller skadeleg innflytelse blir hindra frå å ta på seg slike oppdrag. Det er generelt stor semje i organisasjonane om at krav om politiattest kan verke førebyggjande og gjere at moglege overgripingar lar vere å engasjere seg i organisasjonen.

Eksempel på korleis frivillig sektor jobbar med overgrep og trakassering

Frivillighet Norge laga anbefalingar for godt styresett i frivillige organisasjonar i 2016. Styreprinsippa er godt forankra i Frivillighet Norges medlemsorganisasjonar og inkluderer eit punkt om at styret i ein frivillig organisasjon bør sørge for at organisasjonen arbeider systematisk for å førebygge og handtere seksuell trakassering og overgrep med vedtekne rutinar, system for varsling og ansvarlege personar for opplæring og handsaming av varsel.

Vidare sette Frivillighet Norge ned ei arbeidsgruppe for å sjå på frivillig sektor sitt arbeid med rutinar for varsling og førebygging av seksuell trakassering og overgrep. Arbeidsgruppa sitt arbeid blei samla i ein eigen rapport i 2019.

Landsforeningen for barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU) har jobba mot overgrep mot barn og unge i over 20 år. Med midlar frå Barne- og familiedepartementet lanserte dei Trygg!, ein nettstad med ressursar om førebygging og handsaming av seksuell trakassering, overskridande åtfærd og seksuelle overgrep. Dei held også jamlege kurs om tematikken for medlemsorganisasjonane sine. LNU samarbeider med mellom anna med Ungdom og Fritid, og har fått støtte frå Helsedirektoratet for å vidareutvikle ressursane med tanke på studentar.

Dei enkelte organisasjonane som har fritidsaktivitetar for barn og unge har òg egne retningslinjer og tiltak mot seksuell trakassering og uønskt seksuell merksemd. For eksempel fekk NIF egne retningslinjer mot seksuell trakassering i 2000 (revidert 2010). NIF har hausta internasjonalt anerkjenning for arbeidet deira på dette området og deltek i ei rekke internasjonale samarbeid. Organisasjonen vedtok krav om politiattest i 2008 og sidan 2010 har NIF hatt dedikerte tilsettesressursar som både hjelper særforbund, idrettslag og andre med forebyggjande arbeid, og som hjelper enkeltpersonar som ønskjer råd i konkrete saker. NIF har egne opplæringsmodular og rettleiarar for handtering av saker.

Opplæringslova og kulturskolane

Ifølge opplæringslova § 13-6 skal kommunen ha eit musikk- og kulturskuletilbod for barn og unge, enten aleine eller i samarbeid med andre kommunar. Lova seier òg at musikk- og kulturskuletilbodet skal vere knytt til skuleverket og kulturlivet. Kravet om politiattest i opplæringslova § 10-9 gjeld for musikk- og kulturskuletilbod. Ifølge lova kan personar som er dømt for seksuelle overgrep mot mindreårige ikkje tilsettast i musikk- og kulturskulen.

Våren 2021 blei Meld. St. 18 (2020–2021) Oppleve, skape, dele — Kunst og kultur for, med og av barn og unge lagt fram. Her blir det understreka at barn og unge bør ha eit trygt og godt læringsmiljø òg mens dei er på kulturskulen og deltar i aktivitetar i regi av kulturskulen.

Det er viktig at elevane i kulturskulen opplever eit inkluderande fellesskap med aksept for mangfald. Utkast til ny opplæringslov var på høyring fram til 20. desember 2021. I høyringsutkastet foreslo departementet mellom anna å lovfeste at kulturskulane ikkje skal godta krenkande oppførsel og arbeide for å fremme eit trygt og godt skulemiljø.

Kunnskapsdepartementet jobbar no med å gjennomgå og vurdere alle høyringssvara. Regjeringa tek sikte på å leggje fram forslag til ny opplæringslov og endringar i friskulelova for Stortinget våren 2023.

Opptappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar

I Hurdalsplattforma har regjeringa varsla at vi skal utarbeide ein eigen opptappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar. Arbeidet med opptappingsplanen skal leiast av Justis- og beredskapsdepartementet og utarbeides i samarbeid med relevante departement.

Formålet med opptappingsplanen er å legge til rette for betre å kunne førebygge og avdekke vald og overgrep, betre oppfølginga til valdsutsette, auka kompetanse, styrkt samarbeid mellom tenester og sektorar, og å sørge for at vald og overgrep får naudsynt prioritet i heile straffesakskjeda. Utfordringsbiletet og sentrale utviklingstrekk på feltet skal inngå i planen. Vald og overgrep mot barn er særleg alvorleg. Ein barndom prega av vald og utryggleik sett varige spor og har alvorlege konsekvensar både for dei som blir utsett for det og for samfunnet som heilheit.

Stortingsmelding om seksuell trakassering

Regjeringa har vedteke å legge fram ei melding til stortinget om seksuell trakassering. Meldinga følger opp anmodningsvedtak nr. 755 (2020-2021), som lyd:

Stortinget ber regjeringa utarbeide en stortingsmelding med en bred gjennomgang av ulike arbeidsfelt og sektorer i samfunnet, der det foreslås tiltak som kan bidra til å forebygge seksuell trakassering i det norske samfunnet. Arbeidet må omfatte alle typer trakassering, samt trusler og vold.

Regjeringa har vedteke at meldinga skal:

- kartlegge omfanget av seksuell trakassering i a) arbeidslivet, i b) opplæringssektoren og på c) kultur- og fritidsarenaer
- foreslå tiltak og innsatsar mot seksuell trakassering i arbeidslivet, i opplæringssektoren og på kultur- og fritidsarenaer.

Det tas sikte på at meldinga blir lagt fram våren 2024.

Med helsing

Kjersti Toppe